

Prop. 108 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Pensjonar frå statskassa

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet av 6. mai 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I samsvar med § 75 bokstav i) i Grunnlova, legg departementet med dette fram for Stortinget ei liste over dei pensjonane som gjeld mellombels, og som ikkje vart reviderte av det førre Stortinget.

Ordninga med pensjon frå statskassa gjeld grupper som ikkje kan tene opp pensjonsrettar i Statens pensjonskasse på vanleg måte. Etter praksis er det gjeve slike pensjonar til lokalt tilsette arbeidstakarar ved norske utanriksstasjonar, til arbeidstakarar med tidlegare statleg teneste der stillinga ikkje var omfatta av medlemskap i Statens pensjonskasse og etter særlege retningslinjer for krigsteneste. I tillegg kan det verte gjeve pensjon frå statskassa i særlege høve.

Heile summen av pensjonar som vart utbetalt i 2010 var på kr 19 772 781. Det er løyvd kr 20 900 000 på kap. 611, Pensjoner av statskassen, Post 01 Driftsutgifter, på statsbudsjettet for 2011. Proposisjonen no gjeld berre pensjonar til lokalt tilsette arbeidstakarar ved norske utanriksstasjonar.

Arbeidsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om pensjonar frå statskassa.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om pensjonar frå statskassa i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om pensjonar frå statskassa

I

Nr.	Namn	Alder	Vedteke	Pensjon i månaden	Gjeven frå	Merknad
<i>Utanriksdepartementet</i>						
1	Oleksii Soloviov (Ukraina)	62	12.4.2010	340,-	1.4.2010	Alderspensjon
2	Nina Margaretha Hammar (Brasil)	61	12.5.2010	3 275,-	1.8.2010	Alderspensjon
3	Grace Bibi (Pakistan)	70	30.10.2009	200,-	1.1.2010	Alderspensjon
4	Nadezjda Pusjkina (Russland)	59	18.11.2009	1 003,-	1.1.2010	Alderspensjon
5	Chainarong Hocharoen (Thailand)	60	12.5.2010	1 910,-	1.10.2010	Alderspensjon
6	Manuel Antonio Lopez (Nicaragua)	65	12.5.2010	585,-	1.5.2010	Alderspensjon
7	Gürcan Savci (Tyrkia)	74	14.10.2010	242,-	1.12.2009	Enkjepensjon
8	Anandavalli Balakrishnan (India)	73	20.10.2010	2 156,-	1.9.2010	Enkjepensjon
9	Mona Mohamed (Egypt)	57	6.1.2011	1 645,-	1.11.2010	Enkjepensjon